

## ORDENSREGLAR FOR OS FOLKEBIBLIOTEK

- Os folkebibliotek skal vera ein **møteplass for alle**, og dei som vitjar biblioteket må **ta omsyn** til andre bibliotekbrukarar og til dei tilsette. Generelt skal ein følgja vanlege reglar for god framferd i det offentlege rom.
- **Samtalar** skal vera dempa (- også mobiltelefonsamtalar), slik at dei som treng det får arbeidsro. *"Snakka - ikkje ropa, gå - ikkje løpa"*.
- Det er høve til å kjøpa ein kopp kaffi, og medbrakt **mat og drikke** er tillatt så lenge ein ryddar etter seg. Biblioteket sitt utstyr og materiale må ikkje tilgrisa. **Det er ikkje tillatt med mat eller drikke ved pc'ane.** Snop og mat som luktar sterkt er ikkje tillatt.
- Førarhund er tillatt, andre dyr skal ikkje takast med inn i biblioteket.
- Syklar, rullebrett, rulleskøyter og liknande er ikkje tillatt
- "Vanleg folkeskikk" skal nyttast i omgang med biblioteket sine møblar, t.d. ikkje sko i stolane og føter på borda. Den blå bingen er først og framst for barn, men ungdom og andre er velkomne oppi når han er ledig. Bingen er ein plass for lesing og dempa samtale, - ikkje hopping og herjing.
- Personar som er påverka av rusmidlar, og personar som kjøper eller sel rusmidlar skal visast bort frå biblioteket.
- Personar som er til sjenanse med respektlaus, aggressiv eller trugande veremåte kan bli bortvist. Bortvising gjeld mellombels i den aktuelle situasjonen, ikkje permanent.